

## Avtalevilkår Kickback frå Strøyma

### Om produktet

Kickback fordel er eit produkt kunden kan kjøpe for å gje ekstra stønad til eit lag/organisasjon som Strøyma har avtale om kickbackløysing med. For å kjøpe dette tilleggsproduktet må ein vere straumkunde hos Strøyma.

### Angrerett

Kunden har 14 dagars angrerett etter dato for avtaleinngåinga. Lenke til angrerettsskjema vert sendt saman med stadfesting av ordra.

### Oppseiing

Avtalen gjeld inntil ein av partane seier den opp. Avtalen har inga bindingstid og kan seiast opp etter § 5-3 i NVE sine retningslinjer.

### Fakturering

Strøyma AS avrekner sine kundar kvar månad etter faktisk forbruk, og kickback fordel blir avrekna med ein pris pr. kWh i tillegg til ordinær straumkostnad. Tilleggsproduktet vil vise på ei eiga linje på fakturaen. Strøyma betaler ut summen som er betalt inn på kickback fordelsproduktet til dei ulike laga/organisasjonane etter avtale.

### Prisendring

Prisendringar vert varsla 14 dagar på førehand på epost, sms eller brev.

Sjå elles standardvilkår og vilkår for ordinære straumprodukt på Strøyma si heimeside.

**Sist oppdatert: 21.11.22**